



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Tirsdag 23. mars 2021 kl. 20:00
Stad:	Zoom videochat
Tilstades:	Erik Bloch, Marius Johannessen, Karl Andreas Karlsen, Øyvind Gulliksen, Magnus M. Aronsen (Vara), Sigbjørn tveit (vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Solveig Lanes, Harald-Andreas Hansen (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 09/2021	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 10/2021	Godkjenning av referat frå styremøte 21. jan. 2021
RK-sak 11/2021	Statusrapport
RK-sak 12/2021	Økonomirapport
RK-sak 13/2021	Spørreundersøking til gruppeleiarar?
RK-sak 14/2021	Henstilling frå årsmøtet
RK-sak 15/2021	Frilager Haugaland

Eventuelt

RK-sak 09/2021: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknadar.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 10/2021: Godkjenning av referat frå styremøte 21. januar 2021

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 21. januar 2021 vert godkjent.

RK-sak 11/2021: Statusrapport

Kretstingets årsmøte hadde 35 stemmeberettiga og 1 observatør, og vart arrangert digitalt.

Elles har det ikkje vore noko aktivitet i kretsen, og lite aktivitet i forbundet generelt.

VEDTAK: Kretsstyret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 12/2021: Økonomirapport

Ingen merknadar til økonomirapporten

VEDTAK: Økonomirapporten vert godkjent.

RK-sak 13/2021: Spørreundersøking til gruppeleiarar

Me ynskjer å sende ut ei spørreundersøking til gruppeleiarane/leiarane i kretsen for å høyre kva dei tenkjer om ulike tema, kva dei forventar av kretsen, kva dei vil ha meir/mindre av o.s.b.

Kretsstyret får ei veke til å tenke ut spørsmål.

VEDTAK: Kretssekretær sender ut spørreundersøkinga når spørsmåla er klare.

RK-sak 14/2021: Henstilling frå årsmøtet

På årsmøtet i februar kom det ei henstilling til kretsstyret om å førlå ein felles landsleir med KM-speidarane i 2022 for forbundet.

VEDTAK: Kretssekretær vidareformidlar forslaget til forbundet.

RK-sak 15/2021: Frilager Haugaland

Harald-Andreas frå Kopervik speidargruppe har vore i kontakt med dei som skal opprette Frilager på Haugalandet. Dei ynskjer gjerne å kome i kontakt med nokon i kretsen som kan vere kontaktperson mellom frilageret og speidarane.

Frilager er ein frivillig organisasjon som driv med utlån av friluftsutstyr. Dette har vorte ein suksess i stavangerområdet der dei har hatt eit nært samarbeid med Vesterlen krets. Dei som er med i dette samarbeidet går inn med sitt friluftsutstyr, også står frilageret for vedlikehald og utlån. Så kan ein bestille utstyret når ein treng det.

Dei håpar å vere i gong med frilager på Haugalandet i Juli, og lageret vil då mest sannsynleg vere i Haugesundområdet.

VEDTAK: Kretsstyret er orientert om saka og kretssekretær vidareformidlar informasjon om frilager på mail, nettside og facebook-side.

Eventuelt

- Kretsens helg er avlyst grunna smittevern.